



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

14/1674 -

LP/SJ

542

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høringsuttale til forslag om ny forskrift om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv.

Vi viser til høringsbrev datert 17.10.2014 om forslag til ny forskrift om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv.

### Oppsummering

#### Fylkesmannen støttar

- forslaget om endringar i dagens §6 ( §3 i ny forskrift) **Generelle vilkår**
  - o Oppheving av kravet i bokstav b) kravet om sjukmelding som generelt vilkår.
  - o Fjerne krav i bokstav c) vilkår om at den person det blir søkt tilskot for, må ta i mot mindre enn 75 % arbeidsavklaringspengar og eller uførepensjon.
  - o Fjerne krav i bokstav d) at den det blir søkt tilskot for må være under 70 år.
- forslaget om endringar i nåverande §9 (i ny forskrift § 6) **Tilskot ved sjukdom hos barn** for å harmonisere regelen med tilsvarende reglar i arbeidsmiljølova og folketrygdelova.

#### Fylkesmannen rår frå:

- at det blir gjort endring i kravet til kven som kan levere avløysartenester.
- at formuleringa i §8 som lyder «Søknadsfristen er 3 månader etter dagen avløysinga fann stad» blir fjerna.

### Generelle kommentarar

Det er fokus på å gjere forvaltninga av ordninga med tilskot til avløsning ved sjukdom mv. enklare. Dette bør gjere det enklare for forvaltninga og søkjar å tolke regelverket. Fylkesmannen forventar at dette vil gi færre dispensasjonssøknader og klagesaker, noko som igjen vil kunne redusere ressursbruken hjå alle aktørane. (bonde, avløysarlag, kommune, fylkesmann og Landbruksdirektoratet)

Fylkesmannen meiner det generelt er behov for at det blir utarbeidd retningslinjer og rundskriv til oppfølging av forskrifta for å presisere reglane i forskrifta og unngå gråsoner.

## Generelle vilkår

- *Godkjend leverandør av avløysingstenester*

Departementet foreslår å oppheve dagens krav til kven som kan levere avløysingstenester som gir rett til tilskott.

Det kan bli problematisk å få god nok dokumentasjon på at kjøp av tenester faktisk dreier seg om tenester knytt til føretaket si drift. Det må gå tydeleg fram av rundskriv kva dokumentasjon som skal leggjast til grunn for å godkjenne utgiftene. Elles er vi redd for at tilskot til sjukdomsavløysing kan bli brukt til kjøp av heilt andre tenester enn det som er føremålet med ordninga.

Vi vil og gi uttrykk for ei viss uro når det gjeld rekruttering av avløysarar og sikring av rettigheter for avløysarane dersom denne omlegginga på sikt fører til mindre avløysing via avløysarlaga. Ordninga med avløysarlaga er bygd opp over tid, der hovudformålet har vore å skaffe dyktige og kompetente avløysarar til gardbrukarane både til ferie- og fritidsavløysing, men og til å skaffe avløysarar ved sjukdom. Endringsforslaget som ligg føre kan svekkje avløysarlaga, og dermed og deira evne til å tilby avløysing ved sjukdom mv. I dette ligg det og ei viss uro for bonden, og tilgangen på føreseieleg og god avløysing. Vi ser og at denne omlegginga kan føre til meir arbeid for forvaltninga. Det er i dag etablert system der mykje av dokumentasjonen skjer direkte via avløysarlaga til Fylkesmannen på ein effektiv og lite arbeidskrevjande måte.

- *Krav om sjukemelding*

Fylkesmannen er einig i forslaget om at sjukemelding ikkje kan vere eit generelt vilkår for å komme inn i ordninga. Alle dei andre ordningane er ikkje knytte opp til sjukdom . Dette gjeld sjukdom hjå barn, fødselspermisjon, og dødsfall. Sjukemelding er eit vilkår for tilskot jf . dagens forskrift §7, og ny forskrift § 4 Tilskot ved sjukdom.

- *Fjerning av 75 % regelen ved uføretrygd*

Fylkesmannen støttar forslaget om å fjerne krav i bokstav c) vilkår om at den person det blir søkt tilskot for, må ta i mot mindre enn 75 % arbeidsavklaringspengar og/eller uførepensjon. Dei nye reglane for folketrygd, som trer i kraft 1. januar 2015, vil gjere det enklare å kombinere inntekt og uføretrygd. Dette vil gi forenkling av ordninga fordi 75 % regelen ved uføretrygd førte til mye arbeid med saksbehandlinga.

- *Fjerning av aldersgrense på 70 år*

Fylkesmannen støttar forslag om å fjerne krav i bokstav d), om at den som søker tilskot må vere under 70 år. I produksjonstilskotsordningane blei trekket for dei over 70 år fjerna i 2008. Det er viktig å få god samanheng i regelverket og vi er derfor positive til forslaget.

## Sjukdom hos barn

Fylkesmannen støttar endringar i nåverande § 9 ( §6 i ny forskrift). Det blir meir harmonisering med reglane i arbeidsmiljølova og folketrygdlova.

Vi meiner det er positivt at også langvarig sjukdom og nedsett funksjonsevne er tatt med i ordninga. Vi støttar også at aldersgrensa blir auka til 18 år.

### **Søknadsfrist**

I ny forskrift §8 Søknad står det at *søknadsfristen er 3 måneder etter dagen avløysinga fann stad* – vi tilrår at denne formuleringa blir fjerna då den kan vere forvirrande . Vi meiner det er betre og meir eintydig at det står, uansett om avløysingsperioden er samanhengande eller ikkje, «Søknadsfrist er 3 månader etter siste dag som gjer rett til avløysartilskot»

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Maja Stanojevic  
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Maja Stanojevic  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 89  
E-post: [fmromas@fylkesmannen.no](mailto:fmromas@fylkesmannen.no)